

TEMA: Kremmerleier ①105, Trebåten ①92, Skogen ①95

KART: ④440

# Klinkholmen

## HJELTABÅTANE

I ei «innberetning» i 1743 nemner sokneprest Christie at det kjem 1-2 «hitlændere» til Godøysundet om sommaren, «for at afhænte smaa baade». Ei tilsvarende melding frå 1714 fortel at i «Gudesund er en ladeplads for skibe som intage trælast, særlig fra Hethlænder og de af Ørchenøerne, som der aarlig kommer for at tilforhandle sig baade, som de til deres fiskeriers fortsættelse behøver...». Sunnhordland var nok ikkje det einaste bygdelaget som selde båtar til skottane, men hjeltabåtane (båtar til Hjalmland, det gamle norske namnet på Shetland) var ei viktig eksportvare for denne landsdelen. Mange av skotteskutene gjorde to turar for året. Tollistene frå tollstasjonen i Eldøyvågen på Stord (1590–1754) fortel om denne handelen, men endå rikare opplysningar gjev skipslistene for Dundee i Skottland (①98).

Eksporten av hjeltabåtar må ha halde seg utover heile 1600-talet. Av 52 nybygde båtar som vart selde i 1664, var 36 bygde i Tysnes. Dei båtane som vart skipa av Nordsjøen med skutene som kom for å lasta tommer, var bygde slik at dei berre var hefta i hop med nokre få naglar og lett kunne takast frå kvarandre. Så vart dei merka og nummererte, del for del, og skipa inn som prefabrikerte byggesett – «og kand et lidet skibsrum vel indtage 70, 80, 100, ja 120 baade». På Shetland vart så båtane borda opp av fiskarane som skulle bruka dei. Denne båtbygginga heldt seg som eksportnæring gjennom fleire hundre år. Så seint som kring midten av 1800-talet vart det bygt hjeltabåtar på garden Tysnes, og gamle Sjur Tysnes (f. kring 1800) kunne minnst at det kom skip og lasta inn dei ferdige båtane ved «Prestabryggjo». Då eksporten av hjeltabåtar tok slutt fram på 1800-talet, slo tysnesingane seg på jektebygging, som hadde ein gullalder under det rike sildefisket (①100).

**Kubbervik, eller berre Vikjo i daglegtalen, må ha vore teke opp som kremmarsete under garden Håland ein gong kring 1600. Bakgrunnen må ha vore den blømande skottehandelen. Árleg kom det fartøy frå øyane i vest og kjøpte trælast i Bårsund. Vikjo var hamna dei brukte, slik staden ligg lagleg til i leia gjennom Bårsund, sundet mellom Reksteren og Tysnesøy.**



Dei store sjøbuene på Klinkholmen var kjernen i handelsverksemda. Dette er ein yngre handelsstad; den eldste privilegerte staden, ligg i Kubbervik.

Så seint som i 1706 var det skottar på hamna i Bårsund. Eit skottefartøy vart under buksering dette året teke av ei vindrøse, ført til lands og forliste. Kring 1710 vart det slutt på denne handelen, men dei seinare oppsittjarane i Vikjo dreiv både med tuskhandel og ulovleg brennevinssal, går det fram av kjeldene.

Så kom den nye tida. Tysnesingen Rasmus Waage kjøpte KLINKHOLMEN under Kubbervik i 1859, ein plassholme noko utforbi det gamle 1600-tals-kremmarsetet. «Klinkjen», som han gjekk for i daglegtalen, var ein drivande og vidfemmande kar. Han dyrka opp holmen, bygde gode hus både til folk og fe og ikkje minst til handelsverksemda han etablerte her, med forretning, bakeri, dampskips-ekspedisjon, jaktefart, silde- og fiskeoppkjøp og salting. Han var særskild heldig med fiske- og sildehandel på Nordland. Han skava av jorda på alle svaberg og

skarvnaqqar og tørka fisk i store mengder. I 1887 reiste han til Brandasundet i Fitjar (no i Bømlo) og bygde ut handelsstaden der. Men etterkomarane hans dreiv handel på Klinkholmen til nærare 1940. Etter kvart kom det både postopneri og telefonstasjon her i tillegg. Verksemda vart heilt avvikla 1955–57. □



Landhandelen i Neshamn kring 1910.

## NESHAMN

NESHAMN må vera eldgammal som møteplass og losjistad for reisande. Staden blømde opp i samband med framgangstidene på 1500-talet, som i dette distriktet mykje var knytt til skottehandelen. Neshamn var lasteplass for skotteskip i to hundre år, fram til midten av 1700-talet.

Gjestgjevarstadene var offentleg godkjende losjihus for reisande, med bevilling eller «privilegiebrev». Den siste privilegerte gjestgjevareren døydde i 1861, og med losjiverksemda vart det slutt kort tid etter.

Gjestgjevareren handla elles med den lokale allmugen, medan det i namnet var ulovleg å halda kro for andre enn reisande folk. Han dreiv jordbruk, fiske, sjøbruk, salteriverksemd, fiskeoppkjøp og jaktefart.

Delar av hovudhuset som i dag står i Neshamn, kan gå attende til

midt på 1700-talet, medan krambua truleg vart bygd først kring 1870.

Frå midten av 1850-talet kom Neshamn først og fremst til å spela ei lokal rolle, med krambu, bakeri, ekspedisjon og postkontor. Men landhandlarane heldt fram med dei gamle «gjestgjevarnæringane» som sjøbruk, salting og jaktefart. I 1973 vart landhandel, post og ekspedisjon avvikla og staden på sitt vis «lagd øyde».

Som ein kuriositet kan nemnast at Storøya (under Nordhuglo) midt på 1700-talet fungerte som filial under Neshamn. Staden fanga opp jektefolk som kom gjennom Laukhamarsundet frå Skånevik, Etne og Fjelberg på byreiser.